



Tom Atle Olsen  
Flatøyvegen 53  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/610 - 23/16795

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
01.03.2023

## **Ber om tilbakemelding på tilhøva på eigedomen din - gbnr.336/62 Ådland nordre**

Alver kommune har motteke melding om ulike tilhøve knytt til eigedomen din gbnr. 336/62 Ådland nordre.

Mottatte bilder viser brakker, campingvogn, buss, filhengar og anna motorisert utstyr på eigedomen. I tillegg er det lagra mykje ulikt utstyr/materiell. Vi har også mottatt opplysningar om at bussen vert nytta til overnatting og i samband med dette vert kloakk tømt direkte i stakekum på eigedomen.

Kommunen har også mottatt opplysningar om det er utført terrenginngrep/planering på eigedomen som kan vere søknadspiktig etter Plan- og bygningslova.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøkje meldingar som kjem inn til kommunen.

Vi ber difor om ei tilbakemelding om tilhøva knytt til eigedomen din.

### **Frist for tilbakemelding vert sett til 01.04.2023.**

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for tilbakemelding.

Svar sender du til:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensningsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/610.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tom Atle Olsen

Flatøyvegen 53

5918 FREKHAUG